



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	1/20
Møtedato:	19.2.2020
Tid:	Kl. 13.00 – kl. 16.45
Møtestad:	Formannskapssalen, Vestnes kommunehus
Sak nr:	01/20 – 09/20
Møteleiar:	Inge Bergum, leiar (Ap)
Møtande medlemmer:	Paul Hjelvik, nestleiar (Pp) Torfinn Marken (Sp) Marianne Frøland (H) Margrethe Anundsen (V)
Forfall:	Ingen
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Ingen
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	Anne Oterhals, oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor (sak 05/20) Lillian Reder Kristoffersen, forvaltningsrevisor (sak 04/20)
Av øvrige møtte:	Geir Inge Lien, ordførar (sak 01/20-05/20) Tone Roaldsnes, administrasjonssjef (sak 01/20-03/20) Frank Skorgen, beredskapskoordinator/brannsjef og systemansvarleg for Risk Manager (OS 01/20) Hilde Rekdal, personalrådgjevar (OS 01/20) Mona Janne Johansen, einingsleiar eigedomsdrift (OS 02/20) Paul Magne Eidhammer, kommunalsjef oppvekst (under OS 03/20) Elisabeth sylte, einingsleiar Heimetenester (sak 03/20)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.
Sakliste og innkalling vart godkjent.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 01/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 4. NOVEMBER 2019
PS 02/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 03/20	AMINISTRASJONSSJEFREN SIN PLAN FOR Å FØLGJE OPP TILRÅDINGANE I FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «HJEMMETJENESTEN I VESTNES KOMMUNE»
PS 04/20	DIALOG MED REVISOR OM RISIKO- OG VESENTLEGVURDERINGANE
PS 05/20	REKNESKAPSREVISJON – INTERIMREVISJON 2019
PS 06/20	PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2020-2023
PS 07/20	MØTE OG ARBEIDSPAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
PS 08/20	OPPFØLGINGSLISTE
PS 09/20	EVENTUELT

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 4. november 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Paul Hjelvik
2. Marianne Frøland

Kontrollutvalet si handsaming

Det vart framsett forslag om at Paul Hjelvik og Marianne Frøland vert valt til å underskrive protokollen frå møte 4. november 2019.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag (5 voterande).

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 4. november 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming**Referatsaker:**

- RS 01/20 **Val av kontrollutval for perioden 2019-2023 – vurdering av om medlem er valbar**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 12.12.2019 sak 138/2019 .
- RS 02/20 **Medlemskap Kontrollutval**, e-post frå administrasjonssjef datert 23.1.2020.
- RS 03/20 **Forvaltningsrevisjon – Heimetenestene i Vestnes kommune**, Saksutskrift, Vestnes kommunestyre 30.01.2020 sak 8/20 .
- RS 04/20 **Møteprotokoll Styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 3.2.2020.**

Orienteringssaker:

- OS 01/20 **Internkontroll i Vestnes kommune**
Kontrollutvalet hadde bedt om ein statusrapport for arbeidet og ein presentasjon av systemet.
Administrasjonssjef Tone Roaldsnes orienterte innleiingsvis at det er kommunalsjef Rune Håseth som er ansvarleg for internkontrolloppfølginga i Vestnes kommune. Han

kunne ikkje vere tilstades i møte. Frank Skorgenes, brannsjef, beredskapsansvarleg og systemansvarleg for det elektroniske internkontrollsystemet Risk Manager, informerte utvalet.

Det vart opplyst at i tillegg til dette systemet, har kommunen fleire system for å føre avvik. CosDoc som er eit pasientjournalssystem som vert brukt innan helse og omsorg, vert også nytta til å registrere avvik. I tillegg så vert det ført avvik i personalmapper og elevmapper. Det vert ikkje ført personopplysningar ved avvik i Risk Manager. Frank Skorgenes demonstrert systemet for utvalet. Det vart vist korleis systemet vert brukt både til avvikshandtering, risikovurdering og som dokumentbank for rutinar. Det ligg no over 1000 rutinar i systemet. Det er definert kva som skal inn i systemet.

Utvalet stilte spørsmål undervegs i presentasjonen. Mellom anna vart det stilt spørsmål om det er tilfredsstillande bruk av systemet. Administrasjonssjefen opplyste at det alltid vil vere nokon i ein stor organisasjon som ikkje brukar systemet, men alle har fått informasjon og alle leiarar har fått opplæring. Det er uttrykt forventning om at alle brukar systemet.

Utvalet var nøgd med informasjonen og gav uttrykk for at det såg ut til å vere eit system som fungerer. Utvalet valde på bakgrunn av orienteringa å avslutte oppfølginga av saka.

OS 02/20

Innkjøp og offentlege anskaffingar

Kontrollutvalet har bedt om ein statusrapport for arbeidet.

Einingsleiar for eigedomsdrift Mona Janne Johansen orienterte utvalet, supplert av administrasjonssjef Tone Roaldsnes.

Det er inngått ny avtale i Innkjøpssamarbeidet Ålesund gjeldande frå 1.1.2020-31.12.2024. Johansen understrekar at det er eit stort og komplisert regelverk og dei har stor nytt i kompetansen i Ålesund. Der er det god kompetanse som dei kan søke råd hos, dei gjennomfører anskaffingar knytt til rammeavtaler og arrangerer kurs. Øystein Hole i Vestnes kommune, er kontaktperson opp mot samarbeidet. Det er han som tek avgjerd om kva rammeavtaler kommunen skal knyte seg til. Før han tek avgjerd forhøyrer han seg med aktuelle einingar. I dag er Vestnes kommune knytt til 28 rammeavtalar gjennom dette samarbeidet. I tillegg til einingsleiar som er jurist, og Hole som arbeider særskilt med dette feltet, så har kommunen ein medarbeidar som arbeider mot prosjekt, som også får kompetanseheving knytt til offentlege anskaffingar. Avtalar som vert inngått må implementerast i e-handel. Kommunen har ein modul i Visma som handterer avtalar. Innkjøpseininga i Ålesund kommune gjev brukarstøtte, informasjon til kommunen og statistikk over bruk av avtalar. Dersom kommunen skal inngå egne avtalar, så kan ein få råd og rettleiing frå innkjøpseininga i Ålesund.

Innkjøpssamarbeidet er laust organisert, ikkje som eit vertskommunesamarbeid. Kommunen betalar ein kontingent, opplyser administrasjonssjefen,

Vestnes kommune sitt reviderte innkjøpsreglement vart behandla i kommunestyret i februar 2019.

Reglementet inneheld m.a. strategi, kven som har ansvar, dei tilsette sine pliktar, kommunale reglar og betalingsvilkår.

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes opplyser at revisjonen har gjeve tilbakemelding om at dei har funne nokre manglar knytt til innkjøpsprotokollane, dette skal følgjast opp av administrasjonssjefen.

OS 03/20

Gratisprinsippet i grunnskulen

Utvalet har bedt om ei orientering om prinsippa i opplæringslova om gratis grunnskuleopplæring vert følgt. Korleis vert dette prinsippet praktisert ved skulane i Vestnes kommune?

Kommunalsjef for oppvekst Paul Eidhammer, informerte utvalet om praktisering ved skulane i Vestnes. Eidhammer informerte om at det i 2016 vart laga retningsliner for turar i ungdomsskulen. Det er no lagt opp til turar innanlands av kortare varigheit.

Turutgiftene er arbeidd inn på dugnad. Det vert heller ikkje lagt opp til foreldre betaling ved ekskursjonar. Foreldre vert av og til spurt om dei har høve til å hjelpe til med litt køyring, dette er frivillig. Leirskuleopphald vert dekt fullt ut av kommunen. Oppvekstsentera har måltid der føresette betalar litt for maten. Dette er frivillig og eleven kan ha med eigen mat. Dei av elevane som ønskjer å delta på skulemjølkordninga, betalar for dette.

Utvalet gav uttrykk for at det ser ut til å vere tatt tak i dei utfordringane som ha vore på dette feltet tidlegare, og at det no ser ut til at gratis skuleprinsippet vert følgt.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

PS 03/20	ADMINISTRASJONSSJEFEN SIN PLAN FOR Å FØLGJE OPP TILRÅDINGANE I FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «HJEMMETJENESTEN I VESTNES»
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek planen til orientering.

Kontrollutvalet ønskjer til siste møte i 2020 ein ny statusrapport for oppfølging av tilrådingane, med særleg vekt på korleis kommunen sikrar betre kommunikasjon i heimetenestene.

Kontrollutvalet si handsaming

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og einingsleiar Heimetenester, Elisabeth Sylte, orienterte utvalet og svarte på spørsmål.

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes utdjupa den skriftlege tilbakemeldinga som vart sendt kontrollutvalet. Administrasjonssjefen understrekar at heimetenester vert vurdert i samarbeid mellom tenestekontoret og einingsleiar. Tenesteytarane må utføre det som står i vedtaket. Det vert utarbeidd rutinar for kven som kan sette i verk tiltak. Behova er større enn budsjett. Og for tenestemottakarane så skjer det daglege endringar. Administrasjonssjefen understrekar at det er ein krevjande logistikk. Administrasjonssjefen stiller også spørsmål om kommunen kanskje burde hatt ei serviceerklæring, som seier noko om kva ein kan forvente av tenestene. Nokre kommunar har utarbeidd dette.

Som ein kommentar til at kommunen ikkje har tatt i bruk nettbrett, så viser Roaldsnes til at kommunen nyttar pasientjournalssystemet CosDoc. Systemet har ein funksjon for bruk på nettbrett, men det har vist seg at leverandøren ikkje kan garantere sikker tilgang, og då kan ikkje kommune ta dette i bruk. Erfaringar frå Aukra kommune viser også at det er mykje nedetid på systemet.

Når Helseplattformen skal rullast ut i Trøndelag og Møre og Romsdal, så må det vere ein stor anskaffing av eit nytt pasientsystem. Helse Midt skal vere ferdig med utvikling av Helseplattformen hausten 2021, eller våren 2022. Først då kan ein starte med utrullinga til Helse Møre og Romsdal og kommunane. Epic er valt som leverandør for utvikling av helseplattformen, systemet skal så fyllast med kommunane sine eigne data.

Administrasjonssjefen seier at om ein spør ein tilsett, så vil nok alle ha meir nærheit til sin leiar. Kommunen gjennomførte i 2016 ein organisasjonsgjennomgang med fokus på leiarspenn. Det vart då oppretta eit nytt leiarnivå i nokre einingar der einingsleiar hadde personalansvar for mange. Heimetenestene fekk då ein ny avdelingsleiar. Avdelingsleiar har personalansvar og har ansvar for medarbeidersamtalar. Einingsleiar for heimetenester og administrasjonssjefen gjev uttrykk fora at mykje har kome på plass etter at rapporten vart laga.

Organisering knytt til Stella Maris er no ute på høyring. Det er m.a. skissert ulike modellar for plassering av Heimetenestene. Det er lagt opp til ein brei høyringsprosess der alle tilsette kan kome med sine innspel. Prosessen er ikkje avslutta enda.

Administrasjonssjefen opplyser at dei framleis kjem til å følge opp leverandøren av CosDoc for å få dei til å levere, men det er ei utfordring at det berre er 4 kommunar i Trøndelag og Møre og Romsdal som nyttar dette systemet.

På bakgrunn av det som kom fram under orienteringa vart det framsett forslag om følgjande vedtak:

Kontrollutvalet tek planen til orientering.

Kontrollutvalet ønskjer til siste møte i 2020 ein ny statusrapport for oppfølging av tilrådingane, med særleg vekt på korleis kommunen sikrar betre kommunikasjon i heimetenestene.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag (5 voterande).

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet ønskjer til neste møte ei tilbakemelding knytt til følgjande:

- Kva rutinar er det som vert vist til skal utarbeidast?
- Kva tidshorisont er det for arbeidet med implementering av Helseplattformen?
- Korleis vil ein fram til ei mogleg løysing gjennom Helseplattformen er på plass, ivareta behovet hos tenesteytarane for fortløpande informasjon om brukarane?
- Korleis vurderer ein konkret at arbeidet med organisering og leiging av pleie- og omsorgstenestene etter innflytting i Helsehuset Stella Maris vil bida til betre kommunikasjon internt i heimetenesta?
- Korleis vil ein følgje tilrådinga om å sikre betre kommunikasjon i Heimetenesta fram til Stella Maris vert teke i bruk om eit år?

PS 04/20	DIALOG MED REVISOR OM ARBEID MED RISIKO- OG VESENTLEGVURDERINGANE
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonen sin gjennomgang til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel vert teke med i det vidare arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingane.

Kontrollutvalet si handsaming

Forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen bad om innspel til arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingane ho held på med for kontrollutvalet.

Utvalet kom med følgjande innspel:

- Vasskvalitet – kommunen har berre private vassverk. Er det mogeleg å kople saman leidningsnetta ved hendingar knytt til eit vassverk? Er det bedredskapsplanar om det skulle oppstå til dømes forureining i eit vassverk?
- Befolkningssamansetning i kommune, mange eldre.
- Sjukefråver i kommunen.
- Beredskap for flom, springflo og kommunikasjon.
- Utdanningsnivået i kommunen

Ordførar kommentert under diskusjonen følgjande:

- Fylkesmannen skal 3.3.2020 ha tilsyn på beredskap i Vestnes kommune, førre tilsyn viste ingen avvik.
- Kommunen har dialog med dei private vassverka for å undersøke om det er mogeleg å kunne kople saman leidningsnett.

På slutten av møtet valde utvalet å føye til eit ekstra punkt i innspel til revisor:

- Vedlikehald, særleg av kommunalt vegnett.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek revisjonen sin gjennomgang til orientering og ber om at kontrollutvalet sine innspel vert teke med i det vidare arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingane.

PS 05/20	REKNESKAPSREVISJON – INTERIMREVISJON 2019
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonen sin presentasjon av rapport frå interimsrevisjon 2019 til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Anne Oterhals presenterte rapport frå interimsrevisjon 2019.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tar revisjonen sin presentasjon av rapport frå interimsrevisjon 2019 til orientering.

PS 06/20	PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2020-2023
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023, med dei korrigeringar som kom fram i møte, vert godkjent. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande tilråding:

Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023 vert godkjent

Kontrollutvalet si handsaming

Det framkom ikkje forslag til korrigeringar i planen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023, med dei korrigeringar som kom fram i møte, vert godkjent. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande tilråding:

Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023 vert godkjent

PS 07/20	MØTE OG ARBEIDSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

1. Følgjande møteplan for 2020 vert godkjend:

Uke	Dato	Møte nr	Saker til behandling
8	19.02.	1/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Administrasjonssjefen sin plan for oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsprosjekt «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»▪ Interimsrevisjon rekneskapsrevisjon – revisjonsåret 2019▪ Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023▪ Møte- og arbeidsplan for 2020▪ Dialogmøte 1 med revisor om arbeid med risiko og vesentlegvurdering
13	23.03.	2/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Dialogmøte 2 med revisor om arbeid med risiko og vesentlegvurdering▪ Oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon SA
19	04.05	3/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport 1. kvartal 2020▪ Oppsummering av årsoppgjersrevisjonen▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapsen 2019 for Vestnes kommune
36	31.08.	4/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport for 2. kvartal 2020▪ Revisjonsplan for revisjonsåret 2020▪ Plan for forvaltningsrevisjon▪ Plan for eigarskapskontroll▪ Revisjonen sin uttale om kontroll med etterleving av økonomiforvaltninga
43	19.10	5/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2020▪ Økonomirapport for 3. kvartal 2020▪ Verksemdsbesøk
48	23.11	6/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll▪ Interimsrapport frå rekneskapsrevisjon 2020

2. Kontrollutvalet sin leiar, i samråd med sekretariatet, vert gjeve fullmakt til å gjere endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

3. Kontrollutvalet godkjenner Arbeidsplan for 2020, med dei endringar som kom fram i møte. Arbeidsplanen vil fortløpande bli oppdatert av kontrollutvalet i møte.

Kontrollutvalet si handsaming

Det framkom ikkje forslag til korrigeringar i møte- eller arbeidsplan.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

1. Følgjande møteplan for 2020 vert godkjend:

Uke	Dato	Møte nr	Saker til behandling
8	19.02.	1/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Administrasjonssjefen sin plan for oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsprosjekt «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune»▪ Interimsrevisjon rekneskapsrevisjon – revisjonsåret 2019▪ Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023▪ Møte- og arbeidsplan for 2020▪ Dialogmøte 1 med revisor om arbeid med risiko og vesentlegvurdering
13	23.03.	2/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Dialogmøte 2 med revisor om arbeid med risiko og vesentlegvurdering▪ Oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon SA
19	04.05	3/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport 1. kvartal 2020▪ Oppsummering av årsoppgjersrevisjonen▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapan 2019 for Vestnes kommune
36	31.08.	4/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport for 2. kvartal 2020▪ Revisjonsplan for revisjonsåret 2020▪ Plan for forvaltningsrevisjon▪ Plan for eigarskapskontroll▪ Revisjonen sin uttale om kontroll med etterleving av økonomiforvaltninga
43	19.10	5/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2020▪ Økonomirapport for 3. kvartal 2020▪ Verksemdsbesøk
48	23.11	6/20	<ul style="list-style-type: none">▪ Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll▪ Interimsrapport frå rekneskapsrevisjon 2020

2. Kontrollutvalet sin leiar, i samråd med sekretariatet, vert gjeve fullmakt til å gjere endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.
3. Kontrollutvalet godkjenner Arbeidsplan for 2020, med dei endringar som kom fram i møte. Arbeidsplanen vil fortløpande bli oppdatert av kontrollutvalet i møte

PS 08/20	OPPFØLGINGSLISTE
----------	------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Følgjande saker vert satt opp på oppfølgingslista:

Internkontroll i Vestnes kommune

Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet Risk Manager.

Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar. **19.02.20:** Administrasjonssjef Tone Roaldsnes, og systemansvarleg for Risk manager Frank Skorgen orientert, og presenterte systemet for utvalet jf. OS 01/20. **På bakgrunn av orienteringa avsluttar utvalet oppfølging av saka.**

Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma

Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennomførte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styringssystemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventa å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Tilsynet vart avslutta i brev frå fylkesmannen 05.07.17, men fylkesmannen har varsla nytt tilsyn.

Innkjøp og offentlege anskaffingar

Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre består av kommunane Ålesund, Vestnes, Sykkylven, Sula, Stranda, Fjord, Giske, Hareid, Herøy, Ulstein, Sande, Vanylven, Ørsta og Volda. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtalar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.

19.02.20: Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og Einingsleiar for eigedomsdrift, Mona Janne Johansen, gav utvalet status for organisering av innkjøpssamarbeidet, status for rammeavtalar og status for korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverk vert følgt, jf. OS 02/20.

Personvernregelverk

I 2018 fekk Norge ei ny personopplysningslov. Lova inneheld nasjonale reglar og EU sin personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er eit sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik kan kommunen sikre at ein behandlar personopplysningar lovleg, sikkert og forsvarleg. Det er interessant for kontrollutvalet å følgje med på korleis kommunen har innretta seg etter personvernopplysningsreglane, då brot på reglane kan få store konsekvensar for dei det gjeld og føre til store bøter for kommunane.

Psykisk helse for barn og unge i Vestnes

Kontrollutvalet behandla i førre periode forvaltningsrevisjonsrapporten «Helsestasjon- og skolehelsetjenester». Fleire av tilrådingane vart svara ut gjennom at kommunen har oppretta «Psykisk helseteam for barn og unge». Administrasjonssjefen opplyser at kommunen har fått prosjektmidlar til 1 stilling knytt til «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes». Det vert ei utfordring å finne eigne midlar, når prosjektmidlane vert nedtrappa. Avtroppande kontrollutval rådde til at det nye kontrollutvalet å halde seg orientert om utviklinga av «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes».

Forvaltningsrevisjonsrapport «Hjemmetjenesten Vestnes kommune»

Kontrollutvalet behandla rapporten i møte 26.06.19 sak 21/19 og sendte straks over til endeleg vedtak i kommunestyret. KST behandla ikkje saka før i møte 30.01.20 sak 8/20. Det vart fatta følgjande vedtak:

1) Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune» tilvitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

- Vestnes Kommune skal sikre at hjemmetjenesten har nødvendig informasjon om brukere og at denne oppdateres fortløpende.
- Kommunen skal sikre bedre kommunikasjon innad i hjemmetjenesten.
- Kommunen skal sikre at tenesteyterne registrerer alle tilleggstenester som blir gitt hjemme hos brukar.

2) Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

- 3) Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere om heimetenesta er tenleg organisert, m.a. vurdere korleis nærleiken for tenesteytarane til leiar kan bli betre.
- 4) Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte i februar 2020

19.02.20: Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og einingsleiar Elisabeth Sylte presenterte planen for oppfølging av tilrådingane., jf. sak 03/20. Utvalet ønskjer til siste møte i 2020, ein ny statusrapport for oppfølging av tilrådingane, med særleg vekt på korleis kommunen sikrar betre kommunikasjon i heimetenestene.

Vassforsyning og avløp i Vestnes kommune.

På Vestnes kommune si heimeside så kjem det fram at Vestnes kommune har avtale med dei private andelsvassverka om å oppfylle kommunen sine lovpålagte krav om vassforsyning. Dei private vassverka er; Tresfjord vassverk SA, Vestnes vassverk, Tomrefjord vassverk, Fiksdal vassverk og Rekdal vassverk. Det er interessant for kontrollutvalet å halde seg orientert om korleis Vestnes kommune sikrar vassforsyninga i kommunen. Det kjem fram i kommunen si årsmelding 2018 at Tekniske tenester har ansvar for drift og vedlikehald av avløpsnett og avløpsreinsing.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet fekk i dette møte orientering knytt til to saker på oppfølgingslista, samt at ei sak vart handsama som eiga sak (03/20)

Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista, enn det som framkom i saksframlegget.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Følgjande saker vert satt opp på oppfølgingslista:

PS 09/20	EVENTUELT
-----------------	------------------

Norges kommunerevisorforbund (NKRF) sin Kontrollutvalskonferanse 29.-30.1.

Konklusjon

Det vart ikkje tid til at nestleiar Paul Hjelvik, som deltok på konferansen, fekk referere frå denne. Utvalsmedlemmen kan ved å trykke på linken finne opptak og presentasjonar frå konferansen. <https://www.nkrf.no/nkrfs-kontrollutvalgskonferanse-2020>

Opplæringsamling for kontrollutvala, 17.3.2020, Molde

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, har saman med kontrollsjefen i Møre og Romsdal fylkeskommune planlagt ei opplæringsamling for **Tema; Systemsvikt i kommunal sektor, Tilstandsrapport for infrastrukturen, Korleis forstå kommunalt rekneskap?**

Eigarskapsforvaltning.

Påmeldingsfrist fredag 28.2.2020 – postmottak@kontrollutvalgromsdal.no

Konklusjon

Utvalsmedlemmene vart oppmoda til å melde seg på samlinga.

Forum for kontroll og tilsyn sin Kontrollutvalsleiar skule 21.4.-22.4.2020, Gardermoen

For første gang skal FKT arrangere et eige opplæringsopplegg for kontrollutvalsleiarar

Konklusjon

Utvalsleiar Inge Bergum deltek på kontrollutvalsleiar skulen.

FKT sin fagkonferanse og årsmøte 3.6.-4.6.2020, Gardermoen

Kvart år arrangerer FKT fagkonferanse for kontrollutval og deira sekretariat der ein set søkelys på saker og problemstillingar som er aktuelle for kommunale kontrollutval.

Årsmøtet for FKT vert avhalde i samband med fagkonferansen.

Viser til lenke: <https://www.fkt.no/konferanser/fagkonferansen-2020/fagkonferansen-2020/> og vedlagte program for samlinga

Påmeldingsfrist 8. april

Konklusjon

Deltaking på fagkonferansen vert vurdert på nytt i møte 23.3.2020.

Inge Bergum
leiar

Paul Hjelvik
nestleiar

Torfinn Marken
medlem

Marianne Frøland
medlem

Margrethe Anundsen
medlem

Jane Anita Aspen
sekretær